



Torfinn Skår og Asbjørn Rød har fått flotte aurer i dag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Framleis er det 3 veker att av fiskesesongen i Uskedalselva.**

**Det er med andre ord ingen grunn til å fortvila sjølv om fangstane kanskje ikkje har vore så store denne sesongen.**

**Til dømes er dette ein positiv dag for fiskarane: I føremiddag regna det i strie strømmar slik at elva nesten vart flomdig. Og no er auren bitevillig!**



Først kom vatnet - og no kjem fisken! (Foto: Ola Matti Mathisen)

uskedalen.no møtte i ettermiddag to karar som hadde fått kvar sin flotte aure.

Det var Asbjørn Rød frå Uskedalen og Torfinn Skår frå Seimsfoss. Medan Asbjørn også er oppsynsmann for den nedre delen av elva er Torfinn ein ivrig fiskar her.

- No er det bra med fisk på elva og då ikkje berre aure. I går såg eg 5-6 terter på mellom 3 og 5 kilo, fortalde Asbjørn, som denne sesongen har fanga 3 terter på 3 kilo, ein regnbogeare og ein vanleg aure. I tillegg har han sett ut att 5 aurer.

- Er det mykje lus på fisken i elva i sommar?

- Det var mykje frå midt i juli, opplyser Asbjørn, som ikkje trur svikten i kloakkpumpestasjonen på Rabben har verke negativt inn på fiskeoppgangen.

Mykje tyder også på at ein ikkje skal tolka dei manglande fangstmeldingane for negativt. Mange melder kanskje ikkje i frå om fangstar og det er først når rapportane kjem etter sesongslutt at ein kan trekkja sikre konklusjonar. Og kor mykje fisk fangar grunneigarane?

Av Ola Matti Mathisen